

Fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv

Fylkesdelplan
2008-2012

HØYRINGSUTKAST



HØRDALAND
FYLKESKOMMUNE

1.0 INNLEIING	3
1.1 Planprosess	3
1.2 Visjon	4
Aktiv kvar dag	4
1.3 Hovudmål	4
1.4 Hordaland fylkeskommune si rolle	4
1.5 Satsingsområde	4
1.6 Framtidsbilete	5
2.0 IDRETT OG FRILUFTSLIV SIN VERDI FOR SAMFUNNET	7
2.1 Frivillige organisasjonar	7
2.2 Næringsutvikling	9
Fysisk aktivitet og ringverknadar for næringslivet.....	10
2.3 Miljø, utforming og lokalisering.....	10
2.3 Miljø, utforming og lokalisering.....	11
3.0 SATSINGSOMRÅDE	12
3.1 Fysisk aktivitet - Partnerskap for folkehelse	12
Strategiar for fysisk aktivitet og folkehelse:	13
Tiltak – Hordaland fylkeskommune.....	13
Tiltak – regionale samarbeidspartnarar	14
Råd til kommunane	14
3.2 Fysisk aktivitet - Idrett	15
Strategiar i arbeidet med idretten i Hordaland.....	16
Tiltak – Hordaland fylkeskommune.....	16
Tiltak – idretten i Hordaland.....	17
Råd til kommunane	17
3.3 Fysisk aktivitet - Friluftsliv	18
Strategiar i arbeidet med friluftsliv i Hordaland.....	20
Tiltak – Hordaland fylkeskommune.....	20
Tiltak - Frilufsorganisasjonane.....	21
Råd til kommunane	21
3.4 Anlegg for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv	22
Strategiar i utviklinga av anlegg for fysisk aktivitet	27
Tiltak – Hordaland fylkeskommune.....	28
Råd til kommunane	28
4.0 LANGTIDSPROGRAM FOR IDRETTSANLEGG – 2008-2020	29

1.0 Innleiing

”**Aktiv kvar dag 2008 – 2012**” er rullering av *Fylkesdelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv (2002-2005)*. Den gir visjon, mål, strategiar og tiltak for arbeidet med fysisk aktivitet i Hordaland fram mot 2013. Planen er ein del av eit fylkeskommunalt plansystem der *Fylkesplan for Hordaland 2005 – 2008* legg føringar for fylkeskommunal verksemd, og er retningsgjevande for kommunal og statleg planlegging i fylket.

”**Aktiv kvar dag 2008 – 2012**” skal uttrykke dei politiske ambisjonar og prioriteringar som skal vere gjeldande innanfor arbeidet med fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv i Hordaland i perioden. Hovudsatsingsområda er tilrettelegging for fysisk aktivitet og anleggsutvikling. Innan fysisk aktivitet er folkehelse, idrett og friluftsliv sentrale område. For anleggsutvikling er bygging og rehabilitering av idretts- og friluftslivsanlegg, finansiering, drift og vedlikehald, sikring, miljø og universell utforming sentrale element for å skape ein aktiv kvardag for folk i Hordaland. Folkehelsearbeidet i Hordaland er konkretisert i *Handlingsprogram for folkehelse (2007-2008)*. Partnerskapsavtalar sikrar eit langsiktig og tverrfagleg arbeid med folk si helse lokalt og regionalt.

Hordaland fylkeskommune vil samordne og styrkje samarbeidet mellom det offentlege, dei frivillige og næringslivet for å gje gode føresetnader for kvardagsaktivitet. Gjennom informasjon, rettleiing og motivasjon skal visjonen – **Aktiv kvar dag** – realiserast gjennom mål og tiltak i planperioden.

1.1 PLANPROSESS

Fylkestinget vedtok 10.10. 2006 oppstart av ny fylkesdelplan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv. Fylkestinget vedtok at ”Fylkesdelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv 2002-2005” skulle vere gjeldande fram til ny plan vart vedteke. Stig Høgholm vart oppnemnd til saksordførar.

6. september 2006 vart prosjektgruppa konstituert. Dei har gjennomført ni møter der visjon, hovudmål og strategi fram mot 2013 har vore drøfta. Prosjektgruppa har bestått av: saksordførar Stig Høgholm, fylkeskultursjef Ingebjørg E. Astrup, fylkesidrettssjef Britt Karen Spjeld (permisjon frå 15. september 2006 til 1. juni 2007), plan- og miljøsjef Gudrun Mathisen (HFK), kulturkonsulent Sylve Rusten, (Stord kommune), ordførar Håkon Matre (Masfjorden kommune), organisasjonssjef Knut Songve (Hordaland idrettskrets), ansv. for naturvern og friluftsliv Sølve Sondbø (Bergen Turlag), administrativ leiar Åge Landro (Bergen og Omland Friluftsråd), sivilarkitekt Astrid Rongen (prosjektsekretær, Asplan Viak) og rådgjevar Jens Harald Garden (prosjektleiar, HFK).

Ressurspersonar har vore involvert i ulike fasar i prosessen fram mot høyringsutkast. I oppstarten av planarbeidet kom det innspel frå tolv kommunar. Det har vore gjennomført regionale samlingar der det har vore mogleg å kome med innspel. I tillegg vart planen presentert og diskutert under Dialogkonferansen 12.-14. september og Fylkeskonferansen - fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 16.-17. november 2007.

1.2 VISJON

Aktiv kvar dag

Visjonen med arbeidet innan idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv er å skape ein **aktiv kvar dag** ved å tilrettelegge for at alle i Hordaland skal vere meir aktiv i kvardagen.

1.3 HOVUDMÅL

Innbyggjarane i Hordaland skal kunne vere ”aktiv kvar dag” etter eigne ynskje og føresetnader på allment tilgjengelege område i naturen og i anlegg i nærleiken av der dei bur.

1.4 HORDALAND FYLKESKOMMUNE SI ROLLE



Figuren viser samanhengen mellom individet sitt ansvar for eiga helse og samfunnets ansvar for å leggje forholda til rette. Hordaland fylkeskommune har ansvar, saman med andre offentlege, private og frivillige aktørar, for at bakken ikkje blir for bratt slik at det vert vanskeleg for individet å ta vare på eigen helse

(Frå Handlingsplan for fysisk aktivitet 2005-2009)

Hordaland fylkeskommune har ei sentral rolle som regional utviklar og har det regionalpolitiske ansvaret for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv. Fylkeskommunen skal stimulere til at det blir utvikla gode føresetnader for fysisk aktivitet i nærmiljøet til folk i heile fylket. Kultur- og ressursutvalet har ansvar for politikktutforminga og å gje tilrådingar til fylkesutvalet og fylkestinget.

Nokre av dei viktigaste arbeidsoppgåvene og utfordringane innan fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv er:

- å fremje utviklinga av anlegg og område for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv gjennom ei føremålstenleg forvaltning av statlege spelemidlar
- å leggje til rette for fysisk aktivitet – aktiv kvar dag – slik at dei aktive vala vert enkle å ta
- å motivere, informere og rettleie kommunar, lag og organisasjonar
- å utvikle partnerskap for folkehelse gjennom å samordne og styrkje samarbeidet mellom ulike sektorar (frivillig, privat og offentlig sektor).

1.5 SATSINGSOMRÅDE

Aktivitet kvar dag har eigenverdi og nytteverdi for den einskilde, og med det samfunnsverdi. *Fylkesplan for Hordaland 2005-2008* har mål om at alle menneske skal kunne nytte ressursane og kompetansen sin til glede og nytte for seg sjølv og samfunnet. Folkehelse er ei

utfordring og fysisk aktivitet har eit stort potensial som verkemiddel for å forbetra helsa til folk i Hordaland. Fysisk aktivitet føreset ofte tilrettelagte areal og anlegg og at dei må vere tilgjengelege.

”Hordaland skal vera eit leiande fylke når det gjeld å leggja til rette for fysisk aktivitet, med fokus på lågterskeltilbod som innbyr til fysisk aktivitet utan særlege krav til den einskilde”
(Fylkesplan for Hordaland 2005-2008).

Prioriterte satsingsområde 2008 - 2012:

- 1. Fysisk aktivitet – folkehelse**
- 2. Anlegg for idrett og friluftsliv**

Kvart satsingsområde har mål, strategiar og tiltak.

Tilstandsrapport for Hordaland skildrar status for aktivitet og anlegg (idrett og friluftsliv) (vedlegg 9). ”Fylkesdelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv 2002-2005” er evaluert og grunnlag for den nye planen. Statlege og regionale føringar gjev også bakteppe for utviklinga innan fagfeltet (vedlegg 9). For å få eit best mogleg grunnlag for vegval i planperioden, er det skissert eit mogleg framtidsbilete fram mot 2020.

1.6 FRAMTIDSBILETE

av direktør Jan Per Styve – strategi og næringsavdelinga, Hordaland fylkeskommune

Regionordføraren sin tale på desemberinget i Vestlandsregionen i 2020 stadfestar inntrykket av ein livskraftig og attraktiv verdiskapingsregion. Statistikkane ho legg fram dokumenterer at næringslivet har takla omstillinga frå olje og gassrelatert verksemd til satsing på ny berekraftig energi på ein framifrå måte. Fleire av forskingsmiljøa i Bergen er i front på klimaforskinga. Gjennom samarbeid med næringslivet er regionen no verdsleiande i utvikling av teknologi for å hente og utnytte nye fornybare energikjelder.

Den nye regionreforma som vart gjennomført frå 2014 har omsider samla Vestlandet i ein region, og gitt dei regionale folkevalde styresmaktene råderett over kraftfulle verkemiddel for å utvikle regionen vidare – både innanfor samferdsel, FoU, regional utvikling, kultur og førebyggjande helsearbeid. Regionen har også fått overført alt ansvar og mynde for å nytte spelemidlane til investeringstiltak innan idrett og kultur.

Eit omfattande program for Livskvalitet og helse er eit av flaggskipa i den nye regionpolitikken – og inkluderer politikkområde som folkehelse, utdanning, forskning, friluftsliv, idrett og kultur. Det har særleg blitt lagt merke til korleis ein innanfor dette programmet klarar å kombinerer tiltak på tvers av sektorar, og involverer frivillige organisasjonar som framtrudande partnarar. Så sterkt er dette partnerskapet at regionen finn det rett å yte store økonomiske tilskot til dei organisasjonane som forpliktar seg til å medverke i programmet. Programmet sitt hovudmål er å gjere regionen attraktiv, helsesterk og livskraftig. Også kommunane spelar ei sentral rolle i dette arbeidet, og nyt godt av tiltaka – som også er med å gjere svake kommunar meir attraktive for både folk og næringsliv. Kommunane følgjer opp regionen sine modellar for sterkt partnerskap med frivillige organisasjonar.

Det som før vart kalla idrettshallar heiter no Samfunnshallar – og tilbyr eit breitt spekter av tilbod innan både idrett, helse og kultur. Fysisk tilrettelegging og merking har gjort at naturen meir enn nokon gong er tatt i bruk for utfoldelse, utforsking og nytelse. Også fjordane er tatt i bruk. Samla har dette gitt reiselivet på Vestlandet ei ny merkevare – og ført til stor auke av internasjonale turistar.

Kommunane legg særleg vekt på å tilby ungdomen ein aktiv kvardag, noko som gjer bygdene meir attraktive når det gjeld å halde på og få tilbake ungdomen. Effektane er openberre. Og gjennom stor satsing på universell utforming gjer ein natur og friluftsliv godt tilgjengeleg for alle.

Det har overraska mange at dei private treningssentra slit i motbakke i ei tid der fysisk aktivitet, helse og livskvalitet har sterk fokus. Forskarar forklarar dette med ein massiv overgang frå kunstig apparatbasert fysisk aktivitet til naturbasert og lagbasert aktivitet.

Kyststamvegen, Fjordvegen (rv. 13) og ferjefrie fjordpasseringar knyter regionen godt saman sjølv om avstandane frå sør til nord er store. Gode kommunikasjonar knyter også folk og organisasjonar saman, og gjer at mange lett kan bruke tilbod i nabokommunane.

Bergen sentrum vart bilfritt i 2013 – og folk nyttar beina som aldri tidlegare. Bybanen er forlenga til Knarvik, Kleppstø, Os og Sotra. Men sterk satsing på sykkelstiar inn mot byen gjer at svært mange nyttar sykkel til og frå jobb.

Regionordføraren avslutta sin tale med å minna om at dei positive statistikkane om næringsutvikling og verdiskaping ikkje fortel heile sanninga om Vestlandet. Livskvalitet, levekår og attraktivitet handlar også om verdiar, samkjensle og lykke. ”Hugs at ikkje alt som kan teljast tel. Og ikkje alt som tel kan teljast”, avrunda ho talen med.

2.0 Idrett og friluftsliv sin verdi for samfunnet

2.1 FRIVILLIGE ORGANISASJONAR

Mål:

1. Sikre eit godt eksistens- og samarbeidsgrunnlag med dei frivillige organisasjonane.

2. Inkludere fleire i organisert idretts- og friluftslivsaktivitetar

Frivillige organisasjonar viktig for demokratiet

Frivillige organisasjonar må sikrast gode rammevilkår. Det må bli enklare og meir attraktivt å bli frivillig slik at organisasjonane kan tilby eit breitt spekter av aktivitetar for flest mogleg.

Organisasjonane er, saman med venekrins, familie, arbeidsplass og skule, arenaer der menneske møtest. Dei frivillige organisasjonane er svært viktige for sosialisering, sosial stabilitet og eit velfungerande demokrati. Eit kjenneteikn ved tradisjonelle frivillige organisasjonar er at dei fleste har ei demokratisk oppbygging med basis i lokale lag.

Organisasjonssamfunn i endring

Organisasjonssamfunnet er i endring. Idé- og livssynsbaserte organisasjonar er i sterk tilbakegang, medan aktivitetsorienterte er i framgang. Lokalt baserte fritids- og kulturorganisasjonar, og særleg idrettslaga, er blant dei som greier seg best.

Motivasjon for det frivillige arbeidet

Motivasjonen for å gå inn i det frivillige arbeidet er ofte ønske om å drive eigen aktivitet, bidra til eigne barn sine aktivitetar, skape gode møteplassar eller ein ønskjer eigen utvikling og nye utfordringar. Det er lettare å få folk til å ta på seg prestisjefulle verv og aktivitetar i høve til eigne barn, enn økonomiarbeid, søknadsskjema og papirarbeid. God informasjon, kunnskapsoppbygging, forenkling av søknadsprosedyrar og ”forutsigbarhet” når det gjeld tilskotsmidlar kan gje avlastning slik at andre oppgåver kan prioriterast.

Ungdom og frivillig arbeid

Ungdomen har ei anna innstilling til dei tradisjonelle frivillige organisasjonane enn tidlegare generasjonar. Nye idrettar som snøbrett, kiting, kulekøyning og ekstremспорт er uttrykk for dette. Mange unge ønskjer aktivitetar som gjev meir spontan glede, opplevingar, større ansvar og reell påverknad. Ungdom er interessert i organisasjonslivet, men dei må sleppe ungdomen til på deira premisser (www.cefu.dk).

I dei yngre idrettslaga er trenden at ”innsatsen” er retta mot eigen aktivitet i eit kortare tidsrom uavhengig av lokalmiljøet.

Organisasjonane sin samfunnsverdi kan såleis bli mindre viktig (Wollebæk, Selle og Lorentzen 2000).

St. meld. nr. 39,
Frivillighet for alle

St.meld. nr. 39, Frivillighet for alle (2006-2007) rosar den jobben den frivillige sektoren gjer og understrekar det sjølvstende sektoren har. Utfordringar som utviklinga i organisasjonssamfunna, inkludering, folkehelse, internasjonal solidaritet, gode nærmiljø og frivillig sektor si rolle i kommunane er skildra. Fokus er å få alle med i samfunnet.

Arena for inkludering

Idretts- og friluftslivsorganisasjonane er ein god arena for integrering av innvandrarak. Reglane er internasjonale. Deltaking i organisasjonar gir innføring i norsk demokrati. Aktivitetsnivået blant ikkje-vestlege innvandrarak er høgare i idrettsorganisasjonar enn i andre frivillige organisasjonar. Likevel er dei underrepresentert i det frivillige arbeidet. Til dømes halvparten av danskar er medlem av ein fritids- eller idrettsorganisasjon, medan berre 20 % dei med ikkje-vestleg bakgrunn er medlem (5 % er kvinner). Lagslivet i mange land er berre for ein økonomisk- og sportsleg elite. Det er ei utfordring å gi innvandrarak informasjon om dei frivillige organisasjonane og handsame kulturelle og økonomiske hindringar for deltaking. 2008 er mangfaldsår der samarbeid for å inkludere fleire framandkulturelle har fokus.

Mangfaldsåret 2008

Sosial meirverdi

Hovudutfordringa er å skape gode arenaer for det sosiale fellesskapet. Idretts- og friluftslivsorganisasjonane er samfunnsbyggjarar ved å vere kunnskapsformidlarar og eit interessefellesskap. Til dømes lærer vi å setje oss mål, ta avgjerd, løyse konfliktdar, organisere, ta omsyn til andre og følgje reglar og retningslinjer: ”(...) *fysisk aktivitet har ein sosial dimensjon som på ulike vis er avgjerande for at einskildmenneske skal trivast (...)* Dette kjem i tillegg til helseeffekten av fysisk aktivitet, og vi kan difor kalla dette ein **sosial meirverdi** (Fylkesdelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv 2002-2005).

2.2 NÆRINGSUTVIKLING

Satsingsområde i Regionalt utviklingsprogram for Hordaland 2007 :

”Profilering av Hordaland mot den nasjonale og internasjonale marknaden, tufta på regional og internasjonal merkevarebygging. Satsinga skal spisse Hordaland sin identitet og byggje opp under idretts-, opplevings-, kultur- og naturbasert reiseliv”.

Mål:

1. Ved tildeling av tilskot til anlegg for friluftsliv og idrett skal det også leggjast vekt på ringverknader for lokal, regional og nasjonal merkevarebygging, verdiskaping og næringsutvikling.

2. Arbeide for at større nasjonale og internasjonale arrangement vert lagt til regionen.

3. Hordaland skal vere mellom dei mest attraktive områda for fotturar i Europa.

Levedyktige lokalsamfunn

Attraktive idretts- og friluftslivstilbod er med på å skapa trivelege og levedyktige lokalsamfunn. God idrettsaktivitet og eit aktivt friluftsliv skapar ein positiv identitet og medverkar til at både fråflyttingskommunar og tettstader vert meir etterspurte for busetjing og næringsutvikling. Dette medverkar til at ungdom blir og dei som har flytta får lyst å koma tilbake.

Reiseliv og turisme

Statleg idrettspolitikkk for tildeling av offentleg støtte føreset at anlegga er opne for alle og ikkje underlagt kommersielle interesser. Idretts- og friluftslivsanelegg som er tilgjengeleg for publikum, gir eit verdifullt supplement til reiseliv og turisme. Samarbeid med turistnæringa om bruk av anlegg som til dømes dagsturhytter, kart, skiløyper, alpinanlegg, symjehallar er ynskjeleg.

Ringverknader

Store og små arrangement, anlegg og idrettsaktivitet skapar store ringverknader for næringslivet lokalt og i regionen. Dette gjeld til dømes varehandel, overnattingsstader, kafear og restaurantar og kultur. Store internasjonale arrangement set staden og regionen på verdskartet. Oppslag i media er god reklame for stadane der arrangementa skjer og der idrettstoppane kjem frå. Interessa for idretten ser ein også att i viljen til sponing. Hordaland fylkeskommune støttar store nasjonale og internasjonale idrettsarrangement. Det er ein føresetnad at idrettsarrangementet har ein ringverknad ut over sjølve idrettsaktiviteten.

Bygging av anlegg til idrett og friluftsliv skapar stor sysselsetjing i bygg- og anleggsbransjen, i tillegg til dugnadsinnsatsen frå frivillige organisasjonar. Service- og utstyrsbransjen retta mot idretten har ein stor internasjonal marknad.

Nordsjøløypa


Naturen og det å kunne praktisere eit aktivt friluftsliv er ein viktig grunn til at turistar vitjar Hordaland. Merking av ruter, skilting og høve for overnatting og vern av naturen er avgjerande. Til dømes er Nordsjøløypa ei ”internasjonal løype” av vandringsvegar i

kulturlandskapet, langs heile kysten på begge sider av Nordsjøen. Gamle ferdsleveggar og nyare turstiar er bundne saman i eit nettverk av offentlege transportmiddel, sykkelveggar, båtar og overnattingsstader i historiske miljø.

Private treningstilbod

Private treningstilbod og anlegg er i vekst. Dette gjeld treningsstudio, symje- og badeanlegg, ishallar, skianlegg og ridesentra med fleire. Desse tilboda møter ein etterspurnad og medverkar til at fleire er aktive på fritida. Tilboda har ein høg inngangsbillett og ekskluderer enkelte frå å delta.

Fysisk aktivitet og ringverknadar for næringslivet



2.3 MILJØ, UTFORMING OG LOKALISERING

Mål:

Ved prosjektering, bygging og rehabilitering av anlegg og område for idrett og friluftsliv, skal det takast omsyn til miljø, lokalisering og universell utforming.

Energiutfordringar	<p>Særleg store anlegg for idrett og friluftsliv kan vere ei utfordring i høve til miljø og lokalisering. Støy kan også vere eit problem.</p> <p>Bygningar og anlegg står for ein stor del av den samla energibruken. Ved tildeling av spelemidlar til anlegg vert det stilt krav til energifleksible og energieffektive løysingar. Ein skal så langt råd er nytta fornybare energikjelder. Energibehov til oppvarming og varmtvatn bør i størst mogeleg grad dekkast av andre energiformer enn elektrisitet og/eller fossil brensel. Vassboren varme bidreg til høg energifleksibilitet. Lokale fornybare energikjelder kan nyttast til å varma opp vatn som sirkulerer i systemet. Bruk av varmegjenvinning og varmepumper er eit viktig bidrag til energieffektivitet og god driftsøkonomi i idrettsanlegg. Søknad om tilskot skal gjere greie for val av energiløysingar og det skal leggjast ved kontrollberekning av energibehovet etter reglane i teknisk forskrift.</p>
Samlokalisering	<p>Samlokalisering av anlegg medverkar til redusert transportbehov. Sikring av trygge gang- og sykkelveggar til barnehage, skule, arbeid og fritidsaktivitetar stimulerer til fysisk aktivitet og reduserer energiforbruket.</p>
Aktivt og nært friluftsliv	<p>Byfjella i Bergen er viktig som rekreasjonsområde og er landets mest brukte fjellområde. Byfjella bør sikrast som natur- og friluftsområde for å gje varierte naturopplevingar og hindre aktivitetar som kan øydelegge for eit aktiv og nært friluftsliv. Trafikksikre korridorar reduserer trongen for å køyra bil til innfallsportane til friluftsområda.</p>
Universell utforming	<p>Hordaland ønskjer å vere eit føregangsfylke innan universell utforming. Med universell utforming meiner vi å skape eit samfunn med plass til alle i alle livsfasar. Dette gjeld også innan fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv. Universell utforming av anlegg og område for fysisk aktivitet skal vere utgangspunktet gjennom at planlegginga skal ha eit brukarperspektiv: det skal takast høgde for at folk har ulike føresetnader.</p>

3.0 Satsingsområde

3.1 FYSISK AKTIVITET - PARTNARSKAP FOR FOLKEHELSE

Mål:

1. Inngå forpliktande partnerskap for folkehelse med kommunar og frivillige organisasjonar.

2. Gjere dei aktive vala enkle.

3. Få dei inaktive aktive. Særskild tilrettelegging for personar innan psykisk helsevern, utviklingshemma og eldre.

Aktivitetsvanar = helsevinst

Gode aktivitetsvanar gjev helsevinst. Samfunnet er organisert slik at kvardagsaktiviteten er kraftig redusert. Det er ikkje lenger naudsynt, kanskje heller ikkje mogleg, å vere i fysisk aktivitet for å få utført dei oppgåvene som kvardagen krev. Dei fleste livsstilssjukdomar har samanheng med fysisk inaktivitet. Skilnaden mellom dei fysisk aktive og dei som ikkje er det aukar. Den største utfordringa og der det gjev størst helsevinst, er hos dei som ikkje er i fysisk aktivitet i dag.

Partnerskap for folkehelse

Det er mange faktorar som påverkar folk sine høve til å ha ei god helse og eit godt liv. Det er viktig å sjå på samanhengen mellom dei ulike faktorane, og då er omgrepet partnerskap sentralt. Det handlar om å få private, frivillige og offentlege aktørar til å samhandle for å oppnå enno betre folkehelse i Hordaland. Arbeidet må vere forankra på lokalt, regionalt og sentralt nivå.

Folkehelsemodellar

Folkehelse er eit tema i gjeldande fylkesplan, og det er utarbeidd eit handlingsprogram som skisserer mål og tiltak. Partnerskapskommunane skal utvikle folkehelsemodellar ut frå lokale behov, ressursar og føresetnader. Målet er m.a. å gjere dei aktive og sunne vala enkle for innbyggjarane og såleis redusere helseforskjellar mellom sosiale lag, etniske grupper og kjønn.

Tilpassa fysisk aktivitet

Regelbunden fysisk aktivitet er avgjerande for funksjonsnivå og livskvalitet. Mange får eit tilbod om fysisk aktivitet gjennom medlemskap i frivillige organisasjonar og hos private aktørar. Nokon fell framleis utanfor desse tilboda. Såleis er det naudsynt for Hordland fylkeskommune å framleis legge til rette for fysisk aktivitet for følgjande grupper:

- utviklingshemma
- personar innan psykisk helsevern
- eldre

Lågterskeltilbod	Desse gruppene skal ha tilbod om lågterskelaktivitet som ikkje stiller for store krav til den einskilde. Tilbodet vert gitt i samarbeid med regionale helseføretak, frivillige organisasjonar og kommunar. I planperioden skal desse gruppene få eit tilbod om ein meir ”aktiv kvar dag”. Auka kompetanse hos personar som jobbar med desse gruppene er prioritert. Det vert og arbeidd med at det operative ansvaret for gjennomføring av dei ulike aktivitetstilboda skal overførast til lokale og regionale samarbeidspartnarar.
Samarbeid lokalt og regionalt	
Satsing: utviklingshemma	Alle særforbund i norsk idrett har ansvar for rekruttering og utvikling av aktivitetstilbod for funksjonshemma. Integrerings- og inkluderingsarbeidet skal skape varige tilbod for alle i lokale idrettslag.
Satsing: psykisk helsevern	Hordland fylkeskommune har ei kompetansegruppe for å utvikle aktivitetstilbodet innan psykisk helsevern: <i>Utval for tilrettelegging av fysisk aktivitet innan psykisk helsevern i Hordaland (UTFAP)</i> . Fokus er på førebyggjande arbeid, utvikling av aktivitetstilbod og heving av kompetansen til dei som jobbar innan psykisk helsevern.
Satsing: eldre	Godt vaksne/eldre er ei stor og ulik gruppe med omsyn til alder, funksjonsnivå og fysisk form. Hordaland fylkeskommune har ei kompetansegruppe for å utvikle tilbodet om fysisk aktivitet. Gruppa består av representant frå fylkeseldrerådet, frivillige organisasjonar og kommunar.
Aktiv skulekvardag	Haldningar og aktivitetsmønster vert innarbeidd i barne- ungdomstida. Gjennom fysisk tilrettelegging av skulen sitt ute- og inneområde til organiserte og eigenorganiserte aktivitetar, gjev det grunnlag for ein meir aktiv skulekvardag. Det vert utarbeidd ein aktivitetssbank til inspirasjon for dei vidaregåande skulane. Parallelt vert det jobba med tiltak for å betre kosthaldet.
Strategiar	Strategiar for fysisk aktivitet og folkehelse: <ol style="list-style-type: none">Arbeide i partnerskap med kommunar, frivillige organisasjonar og lag for å gje eit regelbunden aktivitetstilbod til personar innan psykisk helsevern, utviklingshemma og eldre.Kommunale planar skal ha fokus på fysisk aktivitet.Fleire opne idrettsanlegg for eigenorganisert fysisk aktivitetLeggje til rette for lågterskelaktivitetar.Leggje til rette for minst ein time fysisk aktivitet kvar dag i grunn- og vidaregåande skule.Fleire gang- og sykkelveggar.
Tiltak – Hordaland fylkeskommune	Tiltak – Hordaland fylkeskommune <ol style="list-style-type: none">Inngå partnerskapsavtalar alle kommunar og frivillige regionale organisasjonar.Overføre regionale aktivitetstiltak til partnerskapskommunane og regionale samarbeidspartnarar.Følgje opp tiltak i handlingsprogram for folkehelse

- opne idrettsanlegg
 - tilrettelagte aktivitetar for personar innan psykisk helsevern, utviklingshemma og godt vaksne
 - treningskontaktarbeid
- d. Utvikle ein ”verktøykasse” for å skape ein meir ”aktiv kvar dag” for elevar og lærarar i den vidaregåande skulen.
 - e. Spreie informasjon om gode modellar og tiltak for lågterskelaktivitet til kommunar, frivillige organisasjonar og institusjonar.
 - f. Stimulere til meir fysisk aktivitet inn i den kommunale plan for psykisk helsevern.
 - g. Inkludere personar med fleirkulturell bakgrunn i eksisterande aktivitetstilbod.
 - h. Bruke meir av fylkeskommunale midlar til gang- og sykkelveggar i folk sitt nærmiljø.
 - i. Haldningskampanje; trygg veg til og frå trenings- og friluftslivsaktivitet.

Tiltak – regionale samarbeidspartnarar

Tiltak – regionale samarbeidspartnarar

- a. Inngå partnaraskap for folkehelse regionalt og lokalt.
- b. Bidra i fylkeskommunen sine kompetansegrupper.
- c. Inkludere nye brukargrupper i den organiserte aktiviteten.
- d. Auke kompetansen til personar som arbeidar i grunn- og vidaregåande skulen med tilrettelegging av fysisk aktivitet.

Råd til kommunane

Råd til kommunane

- a. Utvikle avtale om partnaraskap for folkehelse med fylkeskommunen.
- b. Utarbeide konkrete tiltak for fysisk aktivitet i den kommunale planlegginga i samarbeid med lokale idretts- og friluftslivsorganisasjonar.
- c. Utvikle eksisterande og etablere nye aktivitetstiltak for å skape ein meir ”aktiv kvar dag” for personar med særskilde behov.
- d. Gratis bruk av kommunale hallar for personar under 19 år.
- e. Tilby opne idrettsanlegg for barn og ungdom.
- f. Elevane i grunnskulen bør ha minst ein time fysisk aktivitet per dag.

3.2 FYSISK AKTIVITET - IDRETT

Mål:

1. Idretten skal vere ein aktiv medspelar i utviklinga av det lokale og regionale partnerskapet for folkehelse.
2. Barn, ungdom og personar med særskilde behov skal få eit allsidig aktivitetstilbod i idretten i Hordaland.
3. Vidareutvikle Idrettens hus som regionalt kompetansesenter for idrett.
4. Legge til rette for at unge lovande idrettsutøvarar får utvikle seg i lokalmiljø/regionen.

Idrett viktig i lokalmiljøa

Idrett spelar ei viktig rolle i samfunnet og er sterkt forankra i lokalmiljøa. Idrettslaget skaper sosiale fellesskap, trygge oppvekstmiljø og levande lokalsamfunn. Frivilligheiten er berebjeleke i idrettslaga si verksemd. I fylket vert det årleg gjennomført 2400 årsverk i frivillig arbeid i idrettslaga med verdi om lag 700 mill kr. Det vert ei utfordring å stimulera til framleis sterk frivillig innsats.

Frivillig arbeid i idrettslaga

Idrettslagas verksemd er grunnlag for ein aktiv kvardag for folk. I hovudsak gjev dei eit tilbod til sine medlemar. Ei viktig utfordring er å tilpasse aktivitetstilbodet slik at ein famnar om dei som vil trene ein gong i veka til dei som vil konkurrere på høgt nivå.

Open og inkluderande

Hovudmålet for idretten 2007-2011 er ein open og inkluderande idrett. Dette inneber at idretten ønskjer å gje eit enda betre aktivitetstilbod til barn, ungdom og vaksne og prioritere grupper som ikkje finn seg godt nok til rette i idrettslaga i dag. Idrettslag kan ta på seg eit utvida samfunnsansvar gjennom å tilby aktivitetar til fleire enn sine medlem. Dette kan vere som ein del av eit samarbeid mellom kommunar, idrettslag, skule/SFO og institusjonar om aktivitetar. Gjennom t.d. treningskontaktarbeidet kan personar innan psykisk helsevern og utviklingshemma få ein meir aktiv kvardag og ta del i idrettsmiljøet. Kompetanseutvikling blir ein viktig del av partnerskapet for folkehelse.

Idrettsråd

Kontinuerleg trenar- og leiarutvikling i idrettslaga er avgjerande for å kunne vere denne samfunnsaktøren. Alle kommunar med meir enn tre idrettslag skal ha idrettsråd som skal målbære idretten sine ønskjer og behov lokalt. Dette er ein sær viktig samarbeidspart for kommunane i høve til utvikling av anlegg og aktivitet. Idrettskretsen har ei sentral rolle med å tilby kompetanse og nettverksbygging for dei frivillige. Ei vidareutvikling av Idrettens hus som service- og kompetansesenter for idrett er eit anna element for å støtte dei frivillige i sitt arbeid.

Idrettens hus

Olympiatoppen Vest-Norge	Olympiatoppen Vest-Norge (OLT Vest-Norge) er det regionale organ for toppidretten i Hordaland. Dei driv med kompetanseutvikling på mange områder retta mot utøvarar, trenarar og leiarar. I samarbeid med fylkeskommunen tilrettelegg dei for at unge lovande utøvarar kan kombinere satsing i idretten med vidaregåande skule på toppidrettsgymnasa på Voss og i Bergen (Åsane). OLT Vest-Norge bidrar også til kompetanseheving til alle idrettslinjene i fylket.
Konkurransetidrett	Hordaland fylkeskommune støtter store nasjonale og internasjonale idrettsarrangement. Konkurransetidrett på høgt nivå har lang tradisjon i mange lokalsamfunn i Hordaland. Idrettsutøvarar frå fylket markerer seg med gode prestasjonar både nasjonalt og internasjonalt.
Fylkeskommunalt stipend	Fylkeskommunen gir årleg stipend til unge lovande utøvarar, trenarar, leiarar og dommarar. Føremålet er å stimulere og inspirere til vidareutvikling i sin idrett.
Strategiar	Strategiar i arbeidet med idretten i Hordaland <ol style="list-style-type: none">Inngå partnerskap for folkehelse lokalt og regionalt.Stadfeste HIK som regional kompetanseining for tilrettelegging av organisert idrett.Styrkje idretten som tilbydar av fysisk aktivitet for barn, unge og personar med funksjonshemmingar.Styrkje samhandlinga lokalt for ei heilskapleg utvikling av anlegg og aktivitet.Legge til rette for at unge lovande idrettsutøvarar får utvikle seg i lokalmiljøa/regionen.
Tiltak – Hordaland fylkeskommune	Tiltak – Hordaland fylkeskommune <ol style="list-style-type: none">Inkludere idretten i utarbeiding og iverksetjing av handlingsplan for folkehelse.Bruke idretten i Hordaland som formell høyringspart med omsyn til anleggs- og aktivitetsutvikling lokalt og regionalt.Samhandling med kommunar og idretten knytt til planlegging og gjennomføring ulike kompetansehevande tiltak t.d. fylkeskonferansen og dialogkonferansen.Fylkeskommunalt eigde idrettsanlegg skal vere gratis å bruke for barn og unge.Bruke idretten i Hordaland som partner i arbeidet med ein time fysisk aktivitet i grunnskule/SFO og vidaregåande skule.Samhandle med OLT Vest-Norge for å spreie basistrening til fleire kommunar, kompetansehevande tiltak for trenarar og vidareutvikle det idrettsfaglege tilbodet i vidaregåande skulen.Fem stipend til unge lovande idrettsutøvarar, trenarar, leiarar og dommarar.

Tiltak – Idretten i Hordaland

Tiltak – idretten i Hordaland

- a. Signere partnerskapsavtale og gjennomføre tiltak i handlingsplan for folkehelse.
- b. Følgje opp/heve kompetansen til idrettsråd og idrettslag i kommunar utan idrettsråd.
- c. Auke kompetansen til trenarar, leiarar og tillitsvalde i organisasjonen.
- d. OLT Vest-Norge skal gje eit heilskapleg treningstilbod til unge lovande utøvarar og drive kompetansehevande tilbod til deira trenarar lokalt/regionalt.

Råd til kommunane

Råd til kommunane

- a. Gratis bruk av kommunale idrettsanlegg for barn og unge under 19 år.
- b. Involvere idrettsråd/lag i utarbeiding av kommunale planar.
- c. Utvikle modellar for fysisk aktivitet i skulen/SFO saman med idretten.

3.3 FYSISK AKTIVITET - FRILUFTSLIV

Mål

1. Sikre grunnlaget for allemannsretten og legge til rette for det enkle friluftslivet.
2. Sikre og oppgradere fleire og betre anlegg for friluftsliv.
3. Friluftslivet skal vere ein aktiv medspelar i utviklinga av det lokale og regionale partnerskapet for folkehelse.
4. Barn, ungdom og personar med særskilde behov skal få eit allsidig aktivitetstilbod i friluftslivsorganisasjonane i Hordaland.
5. Friluftslivets hus som regionalt informasjons- og kompetansesenter.

Nasjonale mål:
Alle skal ha høve til å driva friluftsliv som helsefremjande, trivselsskapande og miljøvenleg aktivitet i nærmiljøet og i naturen elles.
(St .meld. nr. 39, 2000-2001)

Folkeaktivitet

Friluftsliv er ein ”folkeaktivitet” som alle kan drive med eit minimum av tilrettelegging og personleg utstyr. Ein kan gå på tur åleine, saman med vener eller som medlem i eit lag. Betre tilrettelegging for trygg turgåing, leik og fysisk aktivitet i nærmiljøet vil medverka til større fysisk aktivitet kvar dag, redusert bilkøyring og dermed lågare utslepp av klimagassar som er eit overordna miljømål.

Variert friluftsliv

I Hordaland har vi fjell, brear, fjordar, skjergard, sjø og vassdrag som utgjer rammene for det tradisjonelle friluftslivet som vert nytta mykje både av fastbuande og tilreisande. Det er ei stor utfordring å ta vare på dei unike kvalitetane og sikra område som skal vere allment tilgjengeleg mot store utbyggingsinteresser som ofte er ferie- og fritidsanlegg, vegutbygging og by- og tettstadsutvikling. For å gjere områda betre tilgjengelege er det ønskeleg med gode tilkomstvegar, parkeringsplassar, merking av løyper og informasjon.

Heilskap i friluftslivsverdiane

Friluftsliv er regional i sin karakter. Ingen spør etter kommunegrenser når ein skal på skitur eller søndagstur i naturen. Kommunane sitt utgangspunkt er ofte lokale behov og ikkje regionale. Fylkeskommunen si rolle som regional aktør med eit interkommunalt perspektiv kan ivareta heilskapen i felles friluftslivsverdiane. I samarbeid med fylkesmannen og andre regionale aktørar har fylkeskommunen kartlagt regionale friluftslivsområde. Neste steg er å spisse satsinga mot sikring av nye regionale friluftsområde som grunnlag for statlege oppkjøp. Nokre kommunar arbeider godt med slike saker, medan andre manglar resursar og kompetanse.

Sikring av friluftsområde

Eit samla oversyn over behovet for sikring bør oppdaterast/reviderast. Denne er sporadisk revidert i nokre kommunar, men heilskapen manglar. Eit samla oversyn vil vere stort føremon i arbeidet med å få statlege midlar til sikring av regionale friluftsområde. Vidare kan ein

styrka kommunane sin innsats gjennom rettleiing og fagleg stimulering.

Interkommunale friluftsråd

I dette arbeidet har dei interkommunale friluftsråda ei pådrivande og koordinerande rolle. Bergen og Omland Friluftsråd og Friluftsrådet Vest representerer til saman 25 kommunar i fylket. Gjennom deira arbeid får om lag 400 000 innbyggjarar i Hordaland tilrettelagte friluftslivsopplevingar året rundt.

Spennvidde i aktivitetstilbodet

Bergen Turlag er vestlandet sin største friluftslivsorganisasjon og er basert på lokalt frivillig engasjement. Hovudmålet er å få fleire ut på tur. Dei ønskjer å vere ein aktiv samfunnsaktør og sentral partnar i det regionale folkehelsearbeidet. Årleg tilbyr Bergen Turlag, saman med dei seks lokallaga i Hordaland, over 660 ulike arrangement for rundt 26 000 deltakarar. Aktivitetane har ei spennvidde frå Barnas turlag, via trilleturar for småbarnsforeldre og aktiv ungdomsgruppe til fjellturar for pensjonistar. Mange av aktivitetane er opne for dei som ikkje er medlem, t.d. 3-fjellsturen for alle 8-klassingar. Om lag 25 000 dugnadstimar vert nytta for å gjennomføre desse aktivitetane.

Friluftsliv som del av partnarskapsarbeidet

I planperioden skal Bergen Turlag inkludere personar innan psykisk helsevern i eksisterande aktivitetstilbod. Dei skal og utvide tilbodet til eldre som ein del av partnarskapsarbeidet for folkehelse.

Friluftsliv i kommunale planar

Friluftslivsorganisasjonane har som mål å auke interessa for friluftslivet, sikre og drive anlegg, organisere turar og aktivitetar, samt merke og halde vedlike turvegar. Sikring av turvegar og grønne korridorar i tettbygde og urbane strom er spesielt viktig. Friluftslivsorganisasjonane må i framtida delta meir aktivt for at friluftslivsanlegg kjem med i dei kommunale planane for idrett og friluftsliv. Lokale lag må bli ein formell høyringspart på lik linje med idrettsråda.

Allemannsretten

Friluftsliva § 1:

”Formålet med denne loven er å verne friluftslivets naturgrunnlag og sikre allmenhetens rett til ferdsel, opphold m.m i naturen, slik at muligheten til å utøve friluftsliv som en helsefremmende, trivselskapende og miljøvennlig fritidsaktivitet bevares og fremmes.”

Allemannsretten, stadfesta gjennom friluftsliva, er ein grunnleggande føresetnad for friluftslivet. På nasjonalt nivå vert det brukt store ressursar på å sikre allemannsretten langs kyst- og strandstrekningar. Det viktig å unngå dispensasjonspraksis som kan øydelegga viktige innfallsportar til friluftslivsareal og ferdsel i strandsona (bygging i 100-metersona). Ein må sikre at stengsler og andre innretningar ikkje gjer det umogleg for folk i Hordaland å utøve det enkle friluftslivet. Som et supplement til dette er det viktig å sikre eindel sentrale områder gjennom oppkjøp.

I 2007 vart 50-årsdagen for allemannsretten stadfesta gjennom friluftsliva. Denne vert først og fremst oppfatta til å gjelde på land, men lova gjeld også retten til fri ferdsel på sjøen m.v.

Friluftslova § 6:
*”På sjøen er ferdsel med båt
fri for enhver”*

Hordaland er landets største småbåtfylke. Ferdsel på sjøen og fiske for glede og matauk har svært lange tradisjonar. Denne friluftskulturen er truga frå mange hald. Resursgrunnlaget i havet er svekka som følge av ureining, nye næringar som krev mykje sjøareal og kommersielt overfiske. Det tradisjonelle fritidsfiske påverkar ressursgrunnlaget i mindre grad, men betyr likevel svært mykje som friluftaktivitet. Utviklinga vidare må ta omsyn til friluftskulturen på sjøen, slik at denne ikkje vert fortrent til fordel for andre aktørar.

Vestkystparken

Forvaltninga av kystfriluftsområda i Hordaland og Rogaland vert tatt vare på gjennom Vestkystparken. Dette er ei felles drifts- og oppsynsordning for sjønære friluftsområde på Vestlandet. Operatørar i Hordaland er Bergen og Omland Friluftsråd og Friluftsrådet Vest.

Friluftslivets hus

Friluftslivets hus gjer nyttig informasjon om friluftsliv til medlemmar, privatpersonar, turistar, kommunar, næringslivet og fylket. I planperioden skal Friluftslivets hus i Bergen sikrast og vidareutviklast som regionalt informasjons- og kompetansesenter for miljø-, natur- og friluftsliv. Målet er at fleire interesseorganisasjonar innanfor fagfelta skal samlokalisert.

Strategiar

Strategiar i arbeidet med friluftsliv i Hordaland

- a. Halde fram med planmessig arbeid med sikring av friluftsområde lokalt og regionalt.
- b. Gjere friluftslivsområda allment tilgjengeleg.
- c. Inngå partnarskap for folkehelse lokalt og regionalt.
- d. Sikre og vidareutvikle Friluftslivets hus som regional informasjon- og kompetansesenter for miljø-, natur- og friluftsliv.
- e. Styrkje friluftslivet som tilbydar av fysisk aktivitet for barn, unge og personar med funksjonshemmingar.

Tiltak – Hordaland
fylkeskommune

Tiltak – Hordaland fylkeskommune

- a. Inkludere friluftslivet i utarbeiding og iverksetjing av handlingsplan for folkehelse.
- b. Bruke friluftslivsorganisasjonane i Hordaland som formell høyringspart med omsyn til anleggs- og aktivitetsutvikling lokalt og regionalt.
- c. Samhandling med kommunar og friluftslivet knytt til planlegging og gjennomføring ulike kompetansehevande tiltak t.d. fylkeskonferansen og dialogkonferansen.
- d. Bruke friluftslivsorganisasjonane i Hordaland som partner i arbeidet med ein time fysisk aktivitet i grunnskule/SFO og vidaregåande skule.
- e. Vidareutvikling av Friluftslivets hus som regionalt informasjons- og kompetansesenter ved at fleire miljøvern-, naturvern- og friluftslivsorganisasjonar vert samlokalisert i eit felles bygg.

- f. Kompetansehevande tiltak t.d. fylkeskonferansen og dialogkonferansen.
- g. Utvikle minst eitt universelt utforma friluftsområde i kvar region.
- h. Prioritere og støtte lokale friluftslivstiltak, spesielt der funksjonshemma er målgruppe.
- i. Lage oppdatert oversikt over sikringsbehov i Hordaland.
- j. Følgje opp prosjektet ”Registrering og verdsetting av regionale friluftsområde”.

Tiltak - Friluftslivsorganisasjonane

Tiltak - Friluftslivsorganisasjonane

- a. Signere partnerskapsavtale og gjennomføre tiltak i handlingsplan for folkehelse.
- b. Arbeide aktivt for at fleire friluftsanlegg vert prioritert i kommunale planar, og vere formell høyringspart i tildelinga av spelemidlar lokalt og regionalt.
- c. Vere med og lage oppdatert oversikt over sikringsbehov i Hordaland.
- d. Utvikle tilbodet om friluftslivaktivitetar i grunnskulen/SFO og den vidaregåande skulen.
- e. Utvikle kart og informasjonsmateriell.
- f. Skilting, merking av stiar, rydding og vedlikehald av dagsturhytter, bruer og stiar.
- g. Gje råd om aktivitets- og anleggsutvikling til kommunar og andre organisasjonar i fylket.
- h. Vidareutvikle aktivitetstilbodet for å nå nye målgrupper.

Råd til kommunane

Råd til kommunane

- a. Sikre strandsona og større samanhengjande friluftsområde i planar, ved oppkjøp og gjennom avtaler med grunneigarar.
- b. Sikre lokale friluftsområde ved fastsetjing av endelege byfjellsgrenser/markagrenser i pressområda.
- c. Sikre grønne korridorar mot dei større friluftsområda, trygge turvegane i nærmiljøet, ved skular, barnehagar, i bustadområda og i tettstadane.
- d. Leggje til rette for parkeringsplassar ved innfallsportar til dei større, viktige friluftsområda.
- e. Kontroll og oppfølging av ulovlege tiltak som hindrar allmenn ferdsel.

3.4 ANLEGG FOR FYSISK AKTIVITET, IDRETT OG FRILUFTSLIV

Mål:

1. Anlegg for idrett og friluftsliv skal vere tilgjengeleg for folk i deira nærmiljø.
2. Styrkje anleggsutviklinga i Hordaland med omsyn til bygging av nye og rehabilitering av eldre anlegg.
3. Sikre at alle anlegg vert utforma universelt.
4. Bidra til ein føremålsteneleg drift og vedlikehald av idretts- og friluftslivsanlegg.

3 500 anleggseiningar

I 2007 var det om lag 3 500 ulike anleggseiningar i Hordaland. Søknadsmengda om tilskot frå spelemiddelordninga, viser at det er behov for fleire idretts- og friluftslivsanlegg. Utfordringa er størst i Bergen.

Variert og aktivitetsskapande

Ei føremålstenleg anleggsutvikling tek omsyn til anleggsstatus. I tillegg er det viktig å sjå på kva for aktivitet folk driv med, og kva aktivitet som engasjerer barn og ungdom i tida framover. Eksisterande og nye anlegg skal gje innbyggjarane i Hordaland eit variert og aktivitetsskapande tilbod. Anlegg som innbyr til lågterskelaktivitet er viktig, samstundes med at toppidretten har sine krav sine krav i høve til gjennomføring av store meisterskap.

Lokale behov

Det er dei lokale behova som i utgangspunktet avgjer kva for anlegg som skal byggjast. Kommunar, idrettsråd, lag og foreiningar må prioritere idretts- og friluftslivsanlegg ut i frå målet om ein ”aktiv kvar dag” for alle. Prioriteringane skal forankrast i dei kommunale delplanane som gjev fylkeskommunen og Kultur- og kirkedepartementet eit reelt oversyn over anleggsbehova.

Statlege spelemidlar

Fylkeskommunen fordeler spelemidlar til idretts- og friluftslivsanlegg. Hordaland har dei seinaste åra hatt ei utflating i tilskotet frå dei statlege spelemidlane, trass ei auke i søknadsmassen. Difor er det behov for ein tydeleg anleggspolitikk. I planperioden er nokre anlegg vurdert særskild med omsyn til tildeling av spelemidlane.

Friluftslivsanlegg

Naturen er den viktigaste arenaen for fysisk utfalding. I Hordaland har vi eineståande vilkår for fysisk aktivitet og naturopplevingar. For dei fleste er tilrettelegging for friluftsliv i form av turvegar, turstiar, merking, overnattingstilbod, turkart og informasjon avgjerande med omsyn til å senke terskelen for å kome ut på tur. For å nå nye grupper er ei særleg satsing på informasjonssida avgjerande.

Kartlegging av regionalt viktige friluftsområde

I 2007 vart prosjektet ”Kartlegging og verdsetting av regionale friluftsområde” avslutta. Målet var å auke kunnskapen om dei viktige friluftsområda i Hordaland, gjennom ei registrering og verdsetting av friluftsområde i kommunane (vedlegg 9). Resultatet er eit nyttig verkty for kommunane når areala for område for fysisk aktivitet og friluftsliv skal planleggjast.

I planperioden skal friluftslivsanlegg prioriterast. Det er eit unytta potensiale i bruk av spelemidlar til anlegg for friluftsliv. Gjennom statleg støtte kan kommunane sikre tilstrekkeleg og høveleg areal til større samanhengande turområde. Kommunane bør sikre og tilretteleggje naturområde i nærmiljøa samt byggje og utvikle samanhengande gang- og sykkelvegnett, slik at det er lett for innbyggjarane å vere i fysisk aktivitet kvar dag.

Kulturminne

I planlegginga og bygginga av friluftslivsanlegg må ein ta at omsyn til kulturminne. All tilrettelegging for friluftslivsaktivitet skal ha som prinsipp at ho skal vere naturvenleg og ta omsyn til miljø og det biologiske mangfaldet.

Fleirbrukshallar

Dei siste åra har det vore bygd mange nye **fleirbrukshallar** i Hordaland. Dei gjev tilbod om variert fysisk aktivitet for mange, både når det gjeld alder, kjønn og type aktivitet. Tradisjonelle hallidrettar som handball, fotball, volleyball, basketball og turn opptek mykje av brukstida. I 2007 er det 86 fleirbrukshallar i fylket, dei fleste i Bergen. I 2002 var det om lag 9000 innbyggjarar per fleirbrukshall i Hordaland, mot 5300 i 2007. Anleggsdekninga betrar seg, men det er framleis ei underdekning og kapasiteten i hallane er sprengt, spesielt i Bergen og omlandskommunane.

10 kommunar i Hordaland har ikkje fleirbrukshall. Tilskot frå spelemidlane til fleirbrukshallar vil i planperioden prioriterast til Bergen, til presskommunar og kommunar som ikkje har fleirbrukshall. Det er føremålstenleg at det vert bygd fleirbrukshallar med aktivitetsflate på 23 m x 44 m då denne storleiken gjev størst moglegheit for variert aktivitet. For å sikre ei god ressursutnytting, bør nye fleirbrukshallar plasserast sentralt, fortrinnsvis i knyting til skulebygg. Behovsgrunnlag for ein ny fleirbrukshall skal vere godt kartlagt og undersøkt før ein startar byggeprosessen. Vaksdal, Bergen, Fusa, Sveio, Kvam og Ulvik er i gang med planlegging av nye fleirbrukshallar.

Symjehallar

Fysisk aktivitet i vatn er noko som mange ulike brukargrupper har stor glede av. Dette gjeld i små skulebasseng, opplæringsbasseng og i større anlegg som i tillegg inneheld aktivitetselement som går ut over det å bare kunne symje (t.d. badeland). Det er relativt store kostnader knytt til bygging, drift og vedlikehald av symjebasseng. Difor er det naudsynt med god dokumentasjon og analyse av behov.

Nokre kommunar vurderer å byggje nye anlegg, andre vil rehabilitere eksisterande eldre symjeanlegg. I Hordaland finst det over 100 symjeanlegg per 2007, i tillegg til badelanda på Os (Osbadet) og i Bergen (Vestkanten). I løpet av planperioden vil og det nye 50-meters symjeanlegget på Nygårdstangen (Bergen) stå ferdig.

Fram mot 2012 vil rehabilitering av eksisterande symjebasseng prioriterast, men der det er føremålstenleg å byggje nye anlegg vil dette bli vurdert.

Isbanar-/hallar

Ishallar og isbanar ute gjev stor aktivitet for mange ulike brukargrupper. Barn, unge og vaksne har stor glede av å bevege og leike seg på is, noko tal frå Bergenshallen, Vikahaugane, Slåtthaug og Iskanten fortel.

Det er ein offentleg ishall i Hordaland i 2007, Bergenshallen. I tillegg har vi fått Iskanten med curlinghall. Utandørs isbanar finst i Bergen (Slåtthaug) og på Stord (Vikahaugane).

I Bergen vart den første plastisbana – Løvisen – opna hausten 2007. Plastis opnar for meir isaktivitet gjennom heile året. Erfaringane er at det er knytt utfordringar med omsyn til drifta.

Det er ønskjeleg med ein ishall i kvar region innan 2020 samt å utvikle Bergen ishall (Slåtthaug) slik at det blir eit enda meir attraktivt og tilrettelagt aktivitetsanlegg for folk i heile Bergensregionen.

Kunstgrasbanar

Den største auken i søknader om spelemidlar i Hordaland har dei siste åra vore til **kunstgrasbanar**. Dei fleste søker om bygging av nye banar eller om omlegging av grusbanar til kunstgrasbanar. Med ei omlegging frå naturgras til kunstgras, vil brukstida på fotballanlegget auke med mange timar. Dette gjer at anlegget vert meir tilgjengeleg og både organisert og eigenorganisert aktivitet kan utøvast. Det er spesielt barn og ungdom som tek anlegget *meir* i bruk.

I 2007 er det 87 aktivitetsflater med kunstgras (60 x 40 m og over) i Hordaland. Dei fleste kunstgrasbanane ligg i Bergen (32) og 2/3 av alle kommunane i Hordaland har kunstgrasbane.

Utfordringa med omsyn til anlegg med kunstgrasdekke er drift og vedlikehald. Kunstgrasbanar har behov for regelbunden vedlikehald som set krav til vedlikehaldsutstyret til anleggseigaren. I planperioden vil det bli sett krav til ei grundigare behovsanalyse når det vert planlagt å byggje kunstgrasbanar. I tillegg må anleggseigar utarbeide ein realistisk langsiktig driftsplan slik at anlegget tilfredstiller funksjonskrav i minimum 10 år. I planlegginga av bygging av kunstgrasbaner, skal kommune og fylkeskommune involverast. Om ikkje, vert det vurdert å ikkje støtte prosjektet med spelemidlar.

I løpet av planperioden vil det truleg bli større behov for spelemidlar til rehabilitering av kunstgrasbanar.

Golfanlegg

Golfanlegg er arealkrevjande og eigna areal for golf kan ofte vere attraktivt for landbruk og friluftsliv. I tillegg kan areal som er naudsynt inneholde verneverdige element som mellom anna kulturminne og biologisk mangfald.

Det finst i dag tre 18-hols golfbanar i Hordaland: i Meland, på Sveio og i Bergen. Desse banane gjev eit godt golftilbod i fylket og det vert ikkje prioritert å gje tilskot frå spelemidlane til nye 18-hols banar i planperioden.

Motorsportsanlegg

Eikås motorsenter er Hordaland sitt største **motorsportssenter**. Anlegget er eit kombinasjonsanlegg der det (m.a) kan køyrast bilcross, go-kart og rallycross. Store meisterskap som NM kan arrangerast på Eikås.

I planperioden vert det ikkje prioritert bygd fleire store motorsportsanlegg.

Friidrettsbanar med fast dekke

Dei fleste kommunane i Hordaland har **friidrettsanlegg**, anten små delanlegg eller fullverdige 400-meters kunststoffbanar. Førre plan slo fast at det ikkje er behov for fleire slike anlegg. Det vert vidareført fram mot 2013. Der det er behov for ei rehabilitering, ut frå ei grundig behovsvurdering, er det realistisk at det vert gitt spelemidlar.

Skianlegg

Hordaland har anlegg både for **langrenn, alpint, hopp** og **freestyle**. Bavallen alpinanlegg på Voss har status som fylkesidrettsanlegg for alpint, freestyle og hopp, medan langrenns- og skiskyttararena på Skutle er inne på fylkeskommunen sin prioriteringsliste med omsyn til fylkeskommunalt investeringstilskot. Langrenns- og skiskyttararenaen vil prioriterast i planperioden.

Ballbingar

Ballbingar er eit nærmiljøanlegg det har vore gitt spelemidlar til dei seinare åra. Ballbingen er utvikla som ein arena der flest mogleg barn og unge skal kunne drive med eigenorganisert fysisk aktivitet. 2002-2007 vart det gjeve tilskot til 129 ballbingar i Hordaland. Det inneber at dei fleste kommunane har minst ein ballbinge.

Ulike undersøkingar viser at ballbingen kan bli ein aktivitetsstad der fotball er den dominerande aktiviteten, og at dei fleste av dei som brukar anlegget er gutar.

Grundig behovsanalyse med skildring av type aktivitet som er tilgjengeleg i bingen, kven som har tilgang (kjønn, alder) og plassering vert kravd ved søknad. Det vert og stilt større krav til plan for drift og vedlikehald.

Fylkeskommunalt investeringstilskot

Fylkeskommunalt investeringstilskot

Hordaland fylkeskommune har i mange år gjeve investeringstilskot til fylkesidrettsanlegg. Anlegga er store og kostnadskrevjande og kan invitere til store nasjonale og internasjonale meisterskap. Ordninga med tilskot til fylkesidrettsanlegg vil ikkje vidareførast. Det vil bli gjeve investeringstilskot til store interkommunale og regionale idrettsanlegg i planperioden. Anlegg som har ein særskild miljøprofil eller ny arkitektur vil bli vurdert støtta med fylkeskommunale midlar.

I 2008 vil Haugaland golfbane (Sveio) få siste delutbetaling, og Skutle langrenn- og skiskyttaranlegg (Voss) får første del av tilskot frå det fylkeskommunale investeringstilskotet. Etter søknad vert det vurdert å gje fylkeskommunalt investeringstilskot til idrettsanlegg som har regional og nasjonal verdi.

Vedlikehald av eksisterande anlegg

Modellar for drift og vedlikehald

Det er ulike modellar for drift og vedlikehald av idretts- og friluftslivsanlegg i kommunane i Hordaland. Enkelte stader er det kommunen sjølv som finansierer drifta. I andre er frivillige organisasjonar sterkare med. Ei av utfordringane er å finansiere drifts- og vedlikehaldsmateriell ved dei store kostnadskrevjande anlegga.

Samarbeid over kommunegrensene

Hordaland fylkeskommune vil som ei prøveordning få til eit samarbeid over kommunegrensene, om kompetanse og utlån av vedlikehaldsmateriell. Bergen kommune får tilskot for å vere kompetanseining innan fagområde til andre driftsoperatørar.

Regional plan for Sunnhordland

Regionale anleggsplanar for fysisk aktivitet og anlegg

Målet for ”*Plan for idrett, friluftsliv og kulturanlegg i Sunnhordland 2005-2009*” er å bidra til eit samarbeid i regionen som gjev eit heilskapeleg tilbod til innbyggjarar og tilreisande innan idrett, friluftsliv og kultur. Planen definerer status på eksisterande regionale anlegg og prioriterte anlegg i regionen fram mot 2009. Dette er ein plan som er styrande for utviklinga av (store) idretts- og friluftslivsanlegg i Sunnhordland, og er eit nyttig arbeidsverktøy for alle samarbeidskommunane. Hordaland fylkeskommune har von om at alle regionane i fylket skal ha ein slik plan.

Kommunale delplanar for fysisk aktivitet og anlegg

For å sikre at prioritering av spelemidlar til kommunane vert teken på best mogleg grunnlag, er kommunale delplanar for fysisk aktivitet og anlegg viktige. Behovsvurderinga er gjort i høve til samfunnsmessige og idretts- og friluftslivspolitiske mål. Alle kommunar i Hordaland har i dag slike planar.

Anleggsutvikling

Utfordringar i Bergen

Bergen er den største kommunen i Hordaland. Bergen er i tillegg vert til kommunar i ”skjørtekanten” og ein av dei største studentbyane i Noreg. Ulike bydelar har ulikt tal innbyggjarar som krev ei differensiert anleggsutbygging ut frå ulikt behov. Dette gjev utfordringar i tilrettelegginga av idretts- og friluftslivstilbodet til både eigne innbyggjarar, studentar og tilreisande.

Bergen har dårleg dekning av anlegg for idrett og friluftsliv rekna etter innbyggjartal. Sjølv om 1/3 av alle kunstgrasbanar i Hordaland ligg i Bergen, er ikkje behovet for slike anlegg er dekt. Det vert i planperioden gjeve framlegg om at om lag 40 % av spelemidlane kvart år skal gå til bygging av ordinære anlegg i Bergen.

Utfordringar i andre kommunar

Folketalsutviklinga i kommunane i Hordaland syner at trenden er sterk folkevekst i Bergensområdet og nedgang i utkantane. Askøy og Lindås har hatt størst vekst i Hordaland dei siste åra. I planperioden vil kommunar som har utfordringar med omsyn til stort etterslep frå spelemidlane til ordinære anlegg, folketal og anleggsdekning prioriterast.

Strategiar

Strategiar i utviklinga av anlegg for fysisk aktivitet

- a. I planperioden er det nokre anlegg som vert vurdert særskild med omsyn til tildeling av spelemidlane.
- b. Interkommunal samhandling når det gjeld drift og vedlikehald av idrettsanlegg.
- c. Støtte bygging og utvikling av idretts- og friluftslivsanlegg av regional verdi.
- d. Tilskot til friluftslivsanlegg vert prioritert i planperioden.
- e. Kommunar som har utfordringar med stort etterslep frå spelemidlane til ordinære anlegg, anleggsdekning og folketal skal prioriterast i planperioden.
- f. Det vert ikkje gitt tilskot frå spelemidlane til fleirbrukshallar i kommunar som har det. Større kommunar og vekstkommunar vert vurdert særskilt.
- g. Når det søkjast om spelemidlar til bygging av nye kunstgrasbanar, skal det dokumenterast gjennom realistiske behovsskildringar. Det skal setjast av årlege midlar til drift og vedlikehald. Gjeldande kommune, fylkeskommunen og idretten i Hordaland skal inn i planleggingsprosessen når nye kunstgrasbanar byggjast.

- h. Innan 2020 skal det vere ein ishall i kvar region, samt to nye i Bergen.
- i. Offentlege idretts- og friluftslivsanlegg finansiert av statlege spelemidlar bør vere gratis for barn og ungdom (opp til 19 år).
- j. Nærmiljøanlegg, spesielt retta mot aktivitet for jenter vert prioritert.
- k. Alle anlegg skal utformast universelt.
- l. Ved søknad om nye anlegg skal det gjerast greie for kva energiforbruk til transport aktivitetane genererer.
- m. Ved søknad om spelemidlar skal det i behovsoppgåven vere skildra kva for tiltak som er gjort med omsyn til universell utforming.
- n. Anlegg for idrett og friluftsliv som har særleg fokus på miljø, og/eller estetikk, skal prioriterast med omsyn til fylkeskommunale midlar og statlege spelemidlar.

Tiltak – Hordaland fylkeskommune

Tiltak – Hordaland fylkeskommune

- a. Auke kompetansen til kommunalt tilsette med omsyn til sakshandsaming av innkomne spelemiddelsøknader.
- b. Heve kompetansen til kommunalt tilsette med omsyn til drift og vedlikehald, miljø og estetikk.
- c. Bruke idretts- og friluftslivsorganisasjonane som høyringspart med omsyn til anleggsutvikling i Hordaland.
- d. Prøveprosjekt med Bergen kommune som kompetanseining i høve til drift og vedlikehald av idrettsanlegg Gjennomføre synfaringar av nye store idrettsanlegg for å sikre at dei er bygd ut frå den idrettsfunksjonelle førehandsgodkjenninga.
- e. Kartleggje og fremje politisk sak om gratis bruk av fylkeskommunale idrettsanlegg for barn og unge (under 19 år).

Råd til kommunane

Råd til kommunane

- a. Styrkje arbeidet med dei kommunale planane som grunnlag for anleggsutviklinga i kommunane og regionane.
- b. I anleggsutviklinga skal det tas omsyn til barn, unge og grupper med særleg behov for tilrettelegging.
- c. Fange opp nye trendar i aktivitetsutviklinga for å byggje idretts- og friluftslivsanlegg etter behov mellom folk.
- d. Samlokalisering av anlegg og tilgjenge for eigenorganisert aktivitet.
- e. Anlegg med høg bruksnytte skal prioriterast.
- f. Rehabiliterer eldre idrettsanlegg der det er føremålsteneleg.

4.0 Langtidsprogram for idrettsanlegg – 2008-2020

Det skal utarbeidast langtidsprogram fram mot 2012 og mot 2020 for idrettsanlegg i Hordaland. Ei konkretisering av programma krev innspel frå kommunane, idretten i Hordaland og friluftsansjasjonane i høyringsperioden.



**HORDALAND
FYLKESKOMMUNE**

Agnes Mowinckels gt 5
Postboks 7900
N-5020 BERGEN
tlf: 55 23 90 00
www.hordaland.no

JANUAR 2008